

Etiske reglar – Kvam herad


Kvam herad har nokre etiske retningslinjer som er prinsipielle, og nokre som er regelspesifikke. Sistnemnde er lista opp her:



Etiske reglar skal hjelpe oss å handla rett

1. Arbeidet vårt skal vera i samsvar med lover, reglar, politiske vedtak og heradet sine verdiar.
2. Me skal arbeida til det beste for fellesskapet.
3. Me skal ikkje sløsa eller misbruka Kvam herad sine ressursar.
4. Me skal møta andre med respekt og toleranse.
5. Me skal gje tilstrekkeleg og naudsynt informasjon.
6. Me skal aktivt unngå ulik handsaming ved tildeling av mildar eller urettmessig favorisering av søkerar.
7. Me skal varsle overordna om inhabilitet.
8. Me skal ikkje ta i mot gåver av vesentleg verdi eller som er eigna til å påverka tenesta.
9. Me skal ikkje gjera private kjøp gjennom kommunen sine innkjøpsavtalar.
10. Tilsette som driv næringsverksemd kan ikkje vera leverandør av varer og tenester til avdelinga der dei sjølv er tilsett.
11. Me har rett til å uttala oss om faktiske forhold ved arbeidsplassen vår og til å delta i politisk og fagleg debatt om spørsmål som gjeld arbeidsplassen, så lenge ytringane ikkje skader Kvam herad sine interesser.
12. Me må vera medvitne om når me ytrar oss i kraft av vår rolle som tilsett og når me ytrar oss som privatperson, og fylgja retningslinjene for sosiale medium.
13. Leiarar har ansvar for å formidla innhaldet i dei etiske retningslinjene til sine tilsette.
14. Me har eit sjølvstendig ansvar for å halda oss oppdatert og søkja informasjon som er nødvendig for å utføra arbeidet vårt, deriblant etiske retningslinjer.
15. Me må ikkje gjera oss kjente med informasjon som er unnateke offentleggjering eller underlagt teieplikt, når det ikkje vedkjem arbeidet vårt.
16. Me har ei plikt til å varsle arbeidsgjevar om kritikkverdige forhold.
17. Me har ei plikt til å hindra forureining.

Reglane gjeld for tilsette, innleigde konsulentar og samarbeidspartnarar



Det er ei rekkje problemstillingar som det er vanskeleg å laga retningslinjer for, eller som har eit «fasitsvar». Eit hjelpemiddel til å vurdere problemstillingar, er navigasjonshjulet: